




UTANLANDSKE GJESTAR: Asbjørn Ystebø hadde med seg ei gruppe utanlandske gjestar, og fortalde om utstillinga med stor entusiasme.



PÅ FILM: Besøkande får blant anna sjå filmklipp der John Pettersen fortel om utstyret dei brukte.



LITT AV UTSTYRET: I ein monter kan ein sjå nærmare på våpen og andre ting som stammar frå Bataljon 99.

John (97) er med i ny utstilling

RADØY: I år er det 70 år sidan Bataljon 99 vart oppretta. No står utstyr som John Pettersen og andre soldatar brukte utstilt på Sletta.



Av Anne-Lise Nordpoll
anne-lise@strilen.no

– Det vart sagt så mykje fint på opninga. Eg er heilt rørt. Eg måtte tørka ei tåre, seier John Pettersen.

Den 97-år gamle krigsveteranen er eit kjent ansikt på Radøy. Og no kan radværingar og alle andre som har lyst, besøka ei utstilling der Pettersen har ei sentral rolle.

Ekstrem trening

Pettersen kjempa i 99th Infantry Battalion, som på norsk vart kalla Bataljon 99. Bataljonen vart oppretta i USA i 1942 og bestod av tospråklege innvandrarar som skulle setjast inn i kampar mot nazistane i ulike europeiske land. Pettersen og medsoldatane hans fekk omfattande trening. Dei var eigentleg skitroppar. Det var meininga at soldatane skulle kriga på vinterføre og soldatane måtte trenast skiferdigheiter med 40 kilo oppakking. Dei måtte læra å takla ekstrem kulde, manøvrera i ukjent terreng og samtidig kjempa mot ein fiende. Fleire av soldatane har i ettertid skildra treninga som ekstrem. Men ekstrem var også verkelegheita mange av soldatane møtte under krigen. Bataljon 99 kom aldri i kamp i Noreg, men frå juni 1944 vart dei sett inn i kampar på det europeiske kontinentet.

Kjempa i Normandie

Utstillinga på Sletta vart opna av



SPENNANDE: – Dette er spennande, og det at det er ein person med her i dag som faktisk var med og kjempa der, gjer det enno meir interessant, seier Kjell Kristiansen som besøkte utstillinga. I bakgrunnen ein heil vegg med bilde frå Bataljon 99.

Kommandørkaptein Hans Christian Kjelstrup. I opningstalen kunne Kjelstrup gje ei kort oppsummering av noko av det Bataljon 99 var med på.

Bataljonen gjekk i land på Omaha Beach den 22. juni og deltok i kampane i Normandie. Etter det vart dei brukt i kamphandlingar ei rekkje stader. Julia 1944 var dei også involverte i Ardenneroffensiven.

Totalt hadde Bataljon 99 101 dagar i kamp. Då kong Haakon vende heim til Oslo den 7. juni 1945, var det også soldatar frå Bataljon 99 som fekk i oppdrag å stå æresvakt på kaien.

På film

På utstillinga på Sletta kan publikum få sjå ei rekkje filmklipp der Pettersen fortel om utstyret og korleis dei brukte det.

– Det står blant anna eit par ski der, som folk kan sjå på. Det er ikkje mine ski, men dei er heilt like dei me brukte, seier Pettersen til Strilen.

Han synest det er kjekt at utstillinga er på plass, og håpar mange har lyst til å koma å sjå.

– Interessant


På opningsdagen var utstillinga bra besøkt.

Asbjørn Ystebø hadde med seg ei gruppe utanlandske gjestar som kikka interessert på utstillinga, og ikkje lenge etter kom Strilen sin journalist over Kjell Kristiansen som tok seg god tid til å studera dei ulike gjenstandane.

– Eg kjem frå Andebu i Vestfold og vart invitert til utstillinga av Olav Marås som bur like i nærleiken. Sjølv er eg fødd like før krigen, og har ikkje noko minner frå den, men eg er interessert i krigshistorie, så eg synest det er kjempekjekt å få vera med på noko slikt, seier han til avisa, og fortel at utstillinga absolutt fall i smak.

– Eg veit ikkje noko om Bataljon 99 frå før, så dette er spennande, og det at det er ein person med her i dag som faktisk var med og kjempa der, gjer det enno meir interessant, avsluttar han.

Utstillinga har fått namnet «Minne frå ein Krig» og opninga var ein del av programmet på Utvandringfestivalen.



MINNE FRÅ EIN KRIG: John Pettersen (97) var med i bataljon 99, som blant anna deltok i kamphandlingane i Normandie under 2. verdskrig. På ei utstilling på Sletta deler han minne frå krigen. Her er han saman med Brigader Ragnar Bratland og kommandørkaptein Hans Christian Kjelstrup som talte på Sletta laurdag.